



Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 08.06.2017
Møtestad: Møterom 1
Møtetid: 14.00 - 16.30

Møtet vart styrt av leiar Sigurd Knudsen.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 1. juni 2017 og møtet var kunngjort i pressa 09.05.17.

Ordførar orienterte om status og prosessen vidare med kommunesamanslåing.

Rådmann Martin Kulild kom og helste på medlemmene i rådet.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sigurd Knudsen		Leiar
Klara Hansen		Medlem
Klara Mongstad		Medlem
Astrid Anne Fjeldstad		Medlem
Erling Rønnestad		Medlem
Olaug Tveit		Varamedlem
Kjersti Vikebø Nesse		Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Jorunn Signe Brakstad	
Stian Lavik	

Desse møtte frå administrasjonen: Ingen

Protokollfører: Randi Hilland

9. juni 2017

Sigurd Knudsen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
29/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
30/2017	Godkjenning av møtebok
31/2017	Referatsaker
32/2017	Aktuelle saker
33/2017	Stoda i pleie og omsorg
34/2017	Møteplan 2. halvår 2017
35/2017	Den Internasjonale eldredagen 2017

29/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

08.06.2017 ELDRERÅDET

Sak 33 vart handsama før sak 31. Etter det vart saklista følgd.

ER - 29/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste med endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

30/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok frå møte 04.05.17 vert godkjent.

08.06.2017 ELDRERÅDET

ER - 30/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møtebok frå møte 04.05.17 vert godkjent.

31/2017: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldinga vert teken til vitande.

08.06.2017 ELDRERÅDET

Takkekort frå Klara Mongstad i høve 85 årsdagen vart referert.

Erling Rønnestad refererte frå møte i UDU.

Kjersti Vikebø Nesse refererte frå møte i ULK.

Sigurd Knudsen refererte frå møte med ordførar:

Nordhordlandspakken skal handsamast i vårsesjonen i stortinget
Status sjukeheimsplassar i Meland

Ny vegtrasé på Fløksand

ER - 31/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldinga og orienteringane vert tekne til vitande.

32/2017: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

08.06.2017 ELDRERÅDET

Det vart orientert om arrangement "Den kulturelle spaserstokken".

Konsert med gruppa «Bart Clavier» på sjukeheimen.

Teaterframsyning "På Magdas kjøkken" med Zikk Zakk-teateret på Eldresenteret, og i ungdomshuset på Rossland.

Arbeid i gang med å planleggje turar i haust for "Ganglaje".

ER - 32/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Eldrerådet tek orienteringane til vitande.

33/2017: Stoda i pleie og omsorg

Rådmannen sitt framlegg:

08.06.2017 ELDRERÅDET

Tenestoområdeleiar Randi R. Minde orienterte om kapasiteten på Meland sjukeheim.

ER - 33/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Eldrerådet er glade for at dei fire romma på sjukeheimen vert tekne i bruk, slik eldrerådet fleire gonger har oppfordra til.

Tilråding frå eldrerådet er at det snarast vert løyvd midlar til utviding av daglegstova på Meland sjukeheim. Stova er i dag for lita.

Eldrerådet ber om at det no må setjast i gang planarbeid for utviding av sjukeheimen/eventuelt ny sjukeheim..

34/2017: Møteplan 2. halvår 2017

Rådmannen sitt framlegg:

08.06.2017 ELDRERÅDET

Møteplan for hausten 2017 politiske møte vart delt ut.

ER - 34/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteplan for hausten 2017:

Torsdag 21. september kl. 14:00

Torsdag 26. oktober kl. 14:00

Torsdag 30. november kl. 14:00

Møtestad: Formannskapssalen/møterom 1.

35/2017: Den Internasjonale eldredagen 2017

Rådmannen sitt framlegg:

04.05.2017 ELDRERÅDET

ER - 28/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til neste møte.

08.06.2017 ELDRERÅDET

ER - 35/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Markering av Den Internasjonale Eldredagen 2017 vert 30. september frå kl. 13:00 til 16:00 i rådhuset på Frekhaug.

Planlagt program så langt:

Helselaget har kafé i kantina

Kåseri ved Jan Spurkeland

Ordførar tek del

Pensjonistkoret underheldt

Seniordansarane underheldt

Ganglaje har stand

